



## Herremannsbrura

DET VAR EIN GONG ein rik kakse som åtte ein stor herregard, og sølv hadde han på kistebotnen og pengar på rente; men noko var det som vanta han, for han var enkjemann. Ein dag var dottera på grannegarden hjå han på arbeid. Henne lika herremannen retteleg godt, og sidan ho var fattigfolks barn, så tenkte han at når han berre klunka på gifting, så måtte ho slå til med det same. Så sa han til henne at han var komen i tankar om å gifta seg att.

«Ja, ja, ein kan koma på så mykje,» sa jenta, ho stod der og smålo, og tenkte den gamle styggen kunne ha kome på det som høvde betre for han enn å gifta seg.

«Ja, det var meininga at *du* skulle verta kona mi då,» sa herremannen.

«Nei, elles takk! Var det likt seg det,» meinte ho.

Herremannen var ikkje van med å høyra nei, og di nødigare ho ville ha han, di meir oppsett vart han på å få henne. Men då han ikkje kom nokon veg med jenta, så sende han bod etter far hennar, og sa til han at kunne han laga det så at han fekk henne, så skulle han gjeva honom etter dei pengane han hadde lånt, og på kjøpet skulle han få det jordstykket som låg opp til enga hans.

Ja, han skulle nok få rett på dottera, meinte faren. Ho var berre barnet, og skjønna ikkje sitt eige beste, sa han.

Men alt han talde for dottera, både vel og ille, så hjelpte det ikkje. Ho ville ikkje ha herremannen om han så sat i male gull til opp under øyro, sa ho.

Herremannen venta dag etter dag, men så vart han harm og utolug til slutt, og så sa han til far til jenta at om han skulle stå ved det han hadde lova, så fekk han slå eit slag i saka no, for han ville ikkje venta lenger.

Mannen visste ikkje anna råd, sa han, enn at herremannen fekk laga alt i stand til bryllaups, og når presten og bryllaupsfolka var komne, så laut han senda bod etter jenta, liksom det var eit arbeid ho skulle vera med på; og når ho kom, laut ho verta vigd i ei snarvending, så ho ikkje fekk tid til å områ seg.

Dette syntes herremannen var både godt og vel, og så lét han han bryggja og baka og laga til bryllaups, så det hadde god skikk.

Då gjestebodsfolket var kome, ropa herremannen på ein av gutane sine og sa at han skulle stryka ned til grannamannen sør i garden og beda han senda det han hadde lova. «Men er du ikkje her att på flygande flekken,» sa han og hytta til han med neven, «så skal vel —». Meir fekk han ikkje sagt, for guten sette av stad som han var brend.

«Eg skulle helsa frå husbond og be om det du har lova han,» sa guten til mannen sør i garden; «men det måtte vera i raude rappet, for han har det farleg brått i dag,» sa han.

«Ja, ja, spring ned i enga og tak henne med deg; der går ho,» sa grannemannen.

Guten av stad. Då han kom ned i enga, gjekk dottera der og raka. «Eg skulle henta det som far din har lova husbond,» sa guten.

«Hå hå, lur meg der!» tenkte ho. «Nei, skal du det?» sa ho. «Det er vel den vesle blakke merra vår, det? Du får gå bort og taka henne, ho står tjora på den andre sida av erteåkeren,» sa jenta.

Guten kasta seg på ryggen åt den vesle blakka og reid heim i fullt firsprang.

«Fekk du henne med deg,» sa herremannen.

«Ho står nede ved døra,» sa guten.

«Så leid henne opp på kammerset etter mor,» sa herremannen.

«Kjære vene, korleis skal det gå til?» sa guten.

«Du berre gjer som eg seier, du,» sa herremannen. «Maktar du henne ikkje åleine, så får du taka folkehjelp,» sa han; han tenkte jenta kunne slå seg ugrei.

Då guten såg fjeset til herremannen, så visste han at det nytta ikkje å seia imot der i garden. Han ned og fekk med alle dei husmenn som var der. Nokre drog i framluten, og nokre skuva på bak, og så fekk dei endeleg merra opp trappene og inn i kammerset. Der låg brurestasen ferdig.

«No har eg gjort *det* òg, husbond,» sa guten; «men det var eit farleg strev, det verste eg har vorte med på her på garden.»

«Ja, ja, du skal ikkje ha gjort det for ingen ting,» sa husbonden. «Send så kvinnfolka opp til å pynta henne!»

«Nei men kjære vene då!» sa guten.

«Ikkje noko prat! De skal pynta henne, og korkje gløyma krans eller krone,» sa husbonden.

Guten ned i kjøkenet.

«Høyr no, jenter,» sa han, «no skal de opp og pynta den vesle blakka til brur. Husbond vil nok gjeva gjestebodsfolket noko å flira åt.»

Ja, jentene hengde på den vesle blakka alt det dei hadde, og så gjekk guten ned og sa at no var ho ferdig, og det både med krans og krone.

«Godt og vel, kom med henne!» sa husbonden; «eg skal sjølv taka imot henne i døra,» sa han.

Det ramla svært i trappene, for ho steig ikkje med silkeskor, den brura. Men då døra gjekk opp og herremannsbrura kom inn i storstovesalen, var det ikkje fritt for det vart knis og flir. Og herremannen var så vel fornøgd av den brura at dei sa han fridde ikkje oftare. ■

Kilde:

Asbjørnsen og Moe: *Samlede eventyr*,  
Gyldendal Norsk Forlag

### Ekstraoppgaver

- A Les eventyret.
- B Finn sjangertrekk ved eventyret.
- C Hva handler eventyret om?
- D Bruk tankekart for å sortere momentene.

### Ekstraoppgåver

- A Les eventyret.
- B Finn sjangertrekk ved eventyret.
- C Kva handlar eventyret om?
- D Bruk tankekart for å sortere momenta.